

Arkiv: <arkivID><jplID> FE-141, Plannavn-Kommuneplanen sin samfunnsdel, Komnr-4631

JournalpostID:

Sakshandsamar:

Dato: 24.03.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
003/22	Formannskap - styringsgruppe	31.03.2022

Handsaming av merknader til samfunnsdelen

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

- Samfunnsdelen blir endra i tråd med dei framlegg til endringar som er lagt fram i saka.
- Vedtatte endringar blir lagt inn i endeleg framlegg til plandokument
- Samfunnsdelen skal til endeleg handsaming i formannskapet 5. mai og kommunestyret 19. mai.

Formannskap - styringsgruppe 31.03.2022:

Handsaming:

Innspel til kommuneplanen sin samfunnsdel frå MDG, R og SV ved L.Johnsen-MDG

2.2 Kva er det aller viktigaste

Avsnitt 4 (i hermeteikn om framtidvisjonen vår):

Ta bort avsnitt, flytt opp tekst i **3.2 Dette er folk opptatt av. (Kven er vi / kva har vi/ kva vil vi)**

2.3 Berekraftig utvikling. Kva betyr det for oss

Stryk siste avsnitt fram til siste setning.

Legg til: «Vi vil bidra til internasjonal nedrusting og fred ved å slutte oss til internasjonalt samarbeid.» (Berekraftsmål 16)

2.4 Kommunen si rolle

Stryk følgjande avsnitt: «Skal vi klare å ta ei slik rolle, er vi avhengige av eit samspel med mange aktørar. Vi må tenke nytt om kva som er kommunen sin rolle. Vi må fjerne oss frå den tradisjonelle ideen om at kommunen «berre» skal yte service og tenester og heller sjå kva vi kan få til ilag.»

Dette avsnittet har ei ideologisk forankring som kan opne for privatisering av tradisjonelle kommunale tenester. Det er i tilfelle avgjerder som må handsamast i kommunestyret.

5.1 Vår framtidvisjon for Alver

Kva vil vi?

Ta bort første avsnitt med fet skrift. Sett inn: «Vi vil at det skal vere attraktivt å leve, bu, arbeide

og skape verdiar i Alver kommune på ein måte som ikkje går utover klima og miljø.

Vi vil vere eit nasjonalt tyngdepunkt for vekst og utvikling innan grøn industri. Vi vil utvikle heile kommunen med stabile og trygge arbeidsplassar.»

Endring av siste kulepunkt i grå ramme, ny tekst:

- Innbyggjarane i Alver har god livskvalitet, trygge oppvekstsvilkår, trygge og gode arbeidsplassar og god helse.

Stryk alt nedanfor grå ramme med kulepunkt, fram til **«Kven er vi?»**. (Innhaldet kjem fram under andre punkt i teksten).

Kven er vi?

Ny formulering i andre avsnitt, andre setning, som er tydelegare i tråd med UNESCO sin definisjon av berekraftsmål:

«Vi er eit **biosfæreområde**. Statusen er både ei anerkjenning og eit ansvar. Med statusen har vi forplikta oss til å utvikle kommunen som eit nasjonalt modellområde for berekraftig utvikling.»

Kva gjer vi for å oppfylle framtidsvisjonen?

1. Første avsnitt, femte setning, legg til ordet «arbeid»: «Ved å styrke sentera, legg vi både til rette for dei som ønskjer gåavstand til **arbeid**, skule, barnehage, fritidstilbod, butikk og andre tilbod»
2. Ta bort dei to siste setningane i avsnittet. («Vi vil halde på og vidareutvikle posisjonen vår og ta leiartrøya i arbeidet med å utvikle nye, berekraftige og grønne næringar. Vi vil – vi kan – og vi har plass til å satse»). Sett inn ny formulering: «Vi vil arbeide med å tilretteleggje for etablering av nye næringar med høg miljø- og menneskeleg standard».

5.2 Våre mål og vegval

Hovudmål 1: Alver har attraktive senter og aktive lokalsamfunn

Nye framlegg og endringar er merka med fet skrift

Dette vil vi oppnå (mål)	Slik skal vi gjere det (vegval)
Innbyggjarane i Alver nyttar sjøen, kysten og sjønære område til fritid og rekreasjon	Vi skal leggja til rette for tilgang til sjø for alle, til dømes gjennom offentlege fellesnaust/småbåtanlegg og ro- og padlefasilitetar.
Innbyggjarane i Alver nyttar sjøen, kysten og sjønære område til fritid og rekreasjon.	Vi skal gjennom arbeidet med kartlegging av funksjonell strandsone, vurdere offentlege formål og fellesareal ,vurdere areal for bustader, fritidsbustader, båtplassar og naust i strandsona.
Alver har aktive lokalsamfunn med arbeidsplassar, lags- og kulturliv og busetting i heile kommunen.	Ta bort: «Vi skal ha spreidd busetting, og leggje til rette for bustadbygging i alle bygder i heile kommunen.» Vi skal ha spreidd busetting og vil lage ein strategi som legg til rette for bustadbygging i alle bygder i heile kommunen. Kommunen skal ha ein variert bustadmasse, og leggje til rette for moderne buformer som økolandsbyar, klyngetun, husbåtar, minihus og andre formar for berekraftige husvære.

Alver er eit klimavenleg samfunn og rusta til å møte eit klima i endring.	Ta bort: «Vi skal satse på gjenbruk, sirkulærøkonomi, energieffektivisering og reduksjon av klimagassutslepp.» Vi skal ha ha eit mål om null utslepp av forureining i vår kommune. Det skal utarbeidast klimarekneskap for alle kommunen sine fagområde med forpliktande leiaransvar.
Alver sikrar naturverdiar og naturmangfald, og tek vare på verdifulle kulturlandskap, kulturmiljø og landbruks- og friluftsområde	Vi skal kartleggje og ta vare på biologiske mangfald, og aktivt forvalte verdifulle område mot fysiske inngrep og utbygging.

Hovudmål 2: Alver har eit berekraftig næringsliv med Mongstad som landets fremste industriklynge.

Nye framlegg og endringar er merka med fet skrift

Dette vil vi oppnå (mål)	Slik skal vi gjere det (vegval)
Næringslivet i Alver er mangfaldig og konkurransedyktig.	Vi skal bidra til opplæringstilbod for læringar
Næringslivet i Alver utnyttar potensialet for verdiskaping i sjø og kystnære område	Det skal ikkje opnast for nye oppdrettsanlegg i sjø og fjord
Alver er eit attraktivt reisemål.	Vi ønskjer ikke utvikling av eit klimafiendtleg masseturisme

Hovudmål 3: Alver har eit rikt og inkluderande kulturliv som er ei drivkraft i samfunnsutviklinga.

Nye framlegg og endringar er merka med fet skrift

Dette vil vi oppnå (mål)	Slik skal vi gjere det (vegval)
Innbyggjarane i Alver skapar, opplever og deltek aktivt i lokale kultur- og idrettstilbod.	Ta bort: Vi skal samarbeide med næringsliv og frivilligheita for å få på plass eit regionalt kulturhus og svømmehall. Vi skal ha eit regionalt kulturhus med svømmehall i Knarvik, gjerne i samarbeid med næringsliv og frivilligheita. I tillegg til svømmehall rommar kulturhuset kommunale kulturelle aktivitetar som kulturadminstrasjon, kulturskule, bibliotek, ungdomsklubb og rom for frivillige lag og organisasjonar. Huset har konsertsal og kino.
Kulturhus med svømmehall er tilgjengelege for innbyggjarar, lag og organisasjonar sentralt i regionsenteret, og fungerer som naturlege samlingspunkt for aktivitet og kulturopplevingar.	
Frivillig sektor i Alver er mangfaldig og sterk	Frivillig sektor skal aldri erstatte kommunale tenester, men vere eit supplement.
Innbyggjarane og besøkande i Alver nyttar naturen til fritid og rekreasjon.	Vi skal sikre at innbyggjarar har tilgang til og kan bruke fjellet, skogen og sjøen. Nye tiltak må ikkje kome i vegen for naturmangfaldet.

Hovudmål 4: Innbyggjarane i Alver har god livskvalitet, trygge oppvekstvilkår og god helse

Nye framlegg og endringar er merka med fet skrift

Dette vil vi oppnå (mål)	Slik skal vi gjere det (vegval)
Innbyggjarane i Alver bur i trygge og gode bustader.	Vi skal bidra til at innbyggjarar med ulike behov og utfordringar får eit bustadtilbod og til nye, miljøvenlege bustadløysingar.
Innbyggjarane i Alver får tenester tilpassa sine behov.	Vi skal kommunisere på eit språk som er lett å forstå, korrekt og brukartilpassa. Kommunale tenester skal vere tilgjengelege også for innbyggjarar som ikkje meistrar teknologi/digitalisering.

6. Prinsipp for arealbruk

6.2 Samordna bustad-, areal-, og transportplanlegging

Tillegg: Arealrekneskap skal brukast som grunnlag for vurdering av endring i arealdel

Prinsipp for samordna bustad-, areal-, og transportplanlegging i Alver:

Nye kulepunkt:

- Blågrønne strukturar, viktige naturverdiar og økologiske funksjonsområde skal styrkast og sikrast mot nedbygging og fragmentering.
- Vi skal eit styrka vern av dyrka og dyrkbar mark, med nullvisjon for tap av matjord.
- Folkehelse og samfunnstryggleik skal leggest til grunn for all kommunal arealplanlegging
- Vi skal sikre botilbod til alle innbyggjarane i kommunen gjennom aktiv satsing på sosial boligbygging.
- I alle Alver sine senter skal det finnast eit kommunalt prisregulert utleigetilbod.
- Vi skal sikre sosial bustadbygging i alle nye utviklingsområde.
- Overordna arealplanlegging skal i hovudsak skje i kommunal regi.

Prinsipp for bustadsutvikling

Vi skal stille følgjande kvalitetskrav til spreidd busetnad:

Tillegg utheva: Vi skal sikre at utbygginga er lokalt tilpassa med omsyn til høgde, utnyttingsgrad **og estetisk utforming**

Prinsipp for næringsutvikling

Tillegg siste kulepunkt (uteheva):

- Vi skal ivareta og styrke etablerte landbruks- **og fiskeriområde**

Prinsipp for bustadbygging

Ta vekk følgjande kulepunkt:

- Vi skal sikre at ny utbygging ikkje bygger ned areal med aktivt landbruk og verdifulle kulturmiljø.

Sett inn nytt kulepunkt:

- Vi skal sikre at ny utbygging ikkje bygger ned landsbruksareal og verdifulle natur- og kulturmiljø

Prinsipp for strandsoneforvaltning

Nytt tillegg:

- Vi skal ha berekraftig arealbruk og forvaltning av kyst og sjø, og legge til rette for verdiskaping i sjøområda **og vi skal derfor ikkje opne for nye oppdrettsanlegg.**

Nye kulepunkt:

- Kommunen skal leggja til rette for tilgang til sjø for alle, til dømes gjennom offentlege fellesnaust/småbåtanlegg og ro- og padlefasilitetar
- Vi skal gjennom arbeidet med kartlegging av funksjonell strandsone, vurdere offentlege formål og fellesareal, areal for bustader, fritidsbustader, båtplassar og naust i strandsona.

6.4 Prinsipp for klimavenlege transportløyningar

Kollektivknutepunkt og hovudaksar for kollektivtransport

Nye kulepunkt:

- Vi skal tilretteleggje for meir bruk av kollektivtransport på sjøen.
- Vi vil ta initiativet til forsøksordningar med nye løysingar for organisering av kollektivtransport i distriktet.

Innspel frå MDG m.fl.ved L.Johnsen-MDG vert lagt ved protokollen.

Framlegg frå SP, AP, KRF og H ved T.Larsen-H:

Styringsgruppen støttar fleire av vurderingane og endringane kommunedirektøren har gjort basert på høyringsinnspel, og vil i det vidare ikkje kommentera dette dersom vi ikkje ønsker ytterlegare endring eller justering av tekst.

Styringsgruppa har i tillegg fleire punkt som ønskes justert i samfunnsplanen.

Kapittel 4 om fortrinn og utfordringar:

Styringsgruppa meiner at fortrinn og ulemper må delast opp. Slik det står i dag er det tidvis vanskeleg å forstå om noko er ei utfordring eller eit fortrinn.

Kapittel 5 - tillegg til ny tekst i visjonen:

(Endringar med understrek)

Vi vil at det skal vere godt og attraktivt å leve, bu, arbeide og skape verdier i Alver kommune, med vekst i folketal, arbeidsplassar og bedrifter. Vi vil utvikle oss som eit biosfæreområde og vere eit nasjonalt tyngdepunkt for vekst og utvikling innan grøn industri. Vi vil utvikle heile kommunen.

Kapittel 5.2 - tillegg til hovudmål 1:

Alver er eit berekraftig samfunn, med attraktive senter og levande bygder og grender.

Styringsgruppa ønsker at der "berekraftig samfunn" blir nemnd kjem klarare fram at vi her snakkar om både miljø, sosial og økonomisk berekraft.

Senterstruktur og busettingsmønster:

Styringsgruppa ønsker å leggja intensjonsavtalen til grunn for val av nærsenter. Det betyr at vi ikkje legg til fleire nærsenter enn det som er lagt til grunn i intensjonsavtalen.

Vidare ønsker styringsgruppa å løfta satsinga på bygdene og områda som ikkje er definerte som lokalsenter. Det inneber at bygdesatsing blir løfta som eit eige mål med tilhøyrande strategiar. I dagens dokument er spreidd busetjing ein strategi. Styringsgruppa meiner at å sikra moglegheita for spreidd busetjing er ein kvalitet i ein kommune som Alver og bør som eit ledd av dette vera eit mål i

seg sjølv å kunna sikra, ikkje berre eit verkemiddel.

Eit døme, men ikkje ein fasit, på korleis dette kan innarbeidast, er følgjande forslag:

Nytt mål:

Alver sine bygder og grender er limet for gode lokalsamfunn og opplev vekst og utvikling uavhengig om dei er definert som senterområde eller ikkje. Spredt busetting er.....*Få spredt bustadutvikling inn i målet!*

Korleis skal vi nå dette:

Vi skal leggje til rette for bustadbygging som støttar opp om bygdene og grendene i heile kommunen

Vi skal ta heile kommunen i bruk og leggje til rette for spredt busetting utanfor senterområda

Eit nytt delmål må då sees opp mot eventuelle andre mål før endeleg ferdigstilling av dokumentet.

Kladd

Vi skal ha spreidd busetting, og leggje til rette for bustadbygging i alle bygder i heile kommunen.

Endre til:

Vi skal leggje til rette for bustadbygging, spreidd og mindre bustadareal, som støttar opp om bygdene og grendene i heile kommunen.

Henger vel sterkt sammen med å løfte dette som eget delmål... Noe av det kan vel også skrives inn som en del av målet hvor jeg klør meg litt i hodet nå på formuleringer... Dette kan også diskuteres åpent med de andre partiene i morgen?

Landbruk:

Ønsker en mer offensiv tilnærming på utvikling av landbruk.

Endre punkt (går ut):

Vi skal ta vare på biologisk mangfald og ha eit sterkt jordvern, og aktivt forvalte verdifulle område (mot fysiske inngrep og utbygging).

Nytt vegval:

- Vi skal ha ei sterk landbruksforvaltning. Kommunen skal yte god hjelp og støtte til å ta vare på og videreutvikle eit robust, lokalt landbruk som er i stand til å produsere viktige matvarer med god kvalitet.

- Vi skal leggje til rette for god produksjon og aktiv drift av eksisterande landbruksareal.

- Vi skal gjere det enklare å byggje hus nr 2 og hus nr 3 på garden, så lenge desse er meint å vera ein ressurs for garden

- Vi vil gjere det enklare å fornye gamle gardshus til meir moderne boliger for å sikre driften av eldre gardar

Kapittel 5 under punkt 3 - (går ut)

Vi vil at kulturlivet skal vere ei kjelde for livskvalitet og aktivitet – for alle. Det frivillige og profesjonelle kulturlivet er eit fundament for det gode liv, limet i aktive lokalsamfunn. Vi vil sikre at innbyggjarane våre kan utfalde seg og møtast på arenaer for kultur, livssyn, idrett og friluftsliv i heile kommunen. Vi ønskjer å stimulere til at særleg barn og unge kan skape, oppleve, delta og få utvikle (evnene og talenta sine) seg.

Veg og samferdsel:

Styringsgruppa merkar seg dei høyringsinnspela som har kommentert veg og kommunikasjonsårer.

Dette er eit viktig fokus sjølv om kommunen er vertskap for mange fylkesvegar. Viktigheita av gode transportårer internt i Alver, og mot omegnskommunene våre, bør presiserast og løftast tydelegare i planen.

Tenester til innbyggjarane og saksbehandling:

Styringsgruppa ønsker at det blir løfta eit fokus på korleis innbyggjarane blir møtt og får behandla sakene sine i kommunen. Sjølv om samfunnsplanen i fleire kapittel omtaler viktigheita av å levera tenester tilpassa behov, og kvalitet i dette arbeidet, ønsker vi òg å synleggjera gjennom samfunnsplanen ein klar ambisjon om korleis Alver handterer dialog og søknader.

Det handlar om å sikra at innbyggjarar får svar innan rimeleg tid, at vi overheld tidsfristar, at søknadasskjemaer og system er enkel og tilgjengeleg for alle, at saksbehandlarar òg kan fungere som ein rettleier og gir beskjed tidleg om feil og manglar blir oppdaga med mål om å retta for best mogleg og mest mogleg effektiv saksbehandling.

Dette gjer seg òg gjeldande i plan og byggesak, som er avgjerande for å få til mykje av den utviklinga

som er omtalt i planen, både for å realisera innbyggjaranes og næringslivets behov og ønsker. Det er difor viktig at Alver kommune har ein god plan- og byggesaksavdeling med eit godt omdømme som jobbar effektivt, smidig og ser løysingar snarare enn utfordringar, og at dette løftes i samfunnsplanen. Moment i dette er å innarbeide at vi skal vera ein JA-kommune som tilrettelegg for utvikling, at vi alltid leverer svar på søknader minimum innan saksbehandlingsfristen og at plan- og byggesak skal etterstrebe høg tilfredsheit av brukarar.

Byggeklart næringsareal:

Samfunnsplanen peikar i dag på behovet for viktigeita av byggeklart næringsareal på Mongstad. Det er viktig at vi tilrettelegg for å ha byggeklart næringsareal òg andre stader, då all utvikling ikkje kan eller vil komma på Mongstad.

Rekruttering:

Si noe om Alver sin rolle her, hull i cv-en, praktisk erfaring skal vektlegges etc? Eller ansees ivaretatt?
Framlegget vart vedteke med 9 røyster mot 3 (M.Klementsens-uavh., M.Færø-uavh.og L.Johnsen-MDG)

Framlegg frå kommunedirektøren fekk 3 røyster og fall (M.Klementsens-uavh., M.Færø-uavh.og L.Johnsen-MDG)

Merknade frå MDG m.fl.ved L.Johnsen-MDG vert lagt ved protokollen.

FST- 003/22 Vedtak:

Styringsgruppen støttar fleire av vurderingane og endringane kommunedirektøren har gjort basert på høyringsinnspela, og vil i det vidare ikkje kommentera dette dersom vi ikkje ønsker ytterlegare endring eller justering av tekst.

Styringsgruppa har i tillegg fleire punkt som ønskes justert i samfunnsplanen.

Kapittel 4 om fortrinn og utfordringar:

Styringsgruppa meiner at fortrinn og ulemper må delast opp. Slik det står i dag er det tidvis vanskeleg å forstå om noko er ei utfordring eller eit fortrinn.

Kapittel 5 - tillegg til ny tekst i visjonen:

(Endringar med understrek)

Vi vil at det skal vere godt og attraktivt å leve, bu, arbeide og skape verdier i Alver kommune, med vekst i folketal, arbeidsplassar og bedrifter. Vi vil utvikle oss som eit biosfæreområde og vere eit nasjonalt tyngdepunkt for vekst og utvikling innan grøen industri. Vi vil utvikle heile kommunen.

Kapittel 5.2 - tillegg til hovudmål 1:

Alver er eit berekraftig samfunn, med attraktive senter og levande bygder og grender.

Styringsgruppa ønsker at der "berekraftig samfunn" blir nemnd kjem klarare fram at vi her snakkar om både miljø, sosial og økonomisk berekraft.

Senterstruktur og busettingsmønster:

Styringsgruppa ønsker å leggja intensjonsavtalen til grunn for val av nærsenter. Det betyr at vi ikkje legg til fleire nærsenter enn det som er lagt til grunn i intensjonsavtalen.

Vidare ønsker styringsgruppa å løfta satsinga på bygdene og områda som ikkje er definerte som lokalsenter. Det inneber at bygdesatsing blir løfta som eit eige mål med tilhøyrande strategiar. I dagens dokument er spreidd busetjing ein strategi. Styringsgruppa meiner at å sikra moglegheita for spreidd busetjing er ein kvalitet i ein kommune som Alver og bør som eit ledd av dette vera eit mål i seg sjølv å kunna sikra, ikkje berre eit verkemiddel.

Eit døme, men ikkje ein fasit, på korleis dette kan innarbeidast, er følgjande forslag:

Nytt mål:

Alver sine bygder og grender er limet for gode lokalsamfunn og opplev vekst og utvikling uavhengig om dei er definert som senterområde eller ikkje. Spredt busetting er.....*Få spredt bustadutvikling inn*

i målet!

Korleis skal vi nå dette:

Vi skal leggje til rette for bustadbygging som støttar opp om bygdene og grendene i heile kommunen
Vi skal ta heile kommunen i bruk og leggje til rette for spredt busetting utanfor senterområda
Eit nytt delmål må då sees opp mot eventuelle andre mål før endeleg ferdigstillelse av dokumentet.

Kladd

Vi skal ha spreidd busetting, og leggje til rette for bustadbygging i alle bygder i heile kommunen.

Endre til:

Vi skal leggje til rette for bustadbygging, spreidd og mindre bustadareal, som støttar opp om bygdene og grendene i heile kommunen.

Henger vel sterkt sammen med å løfte dette som eget delmål... Noe av det kan vel også skrives inn som en del av målet hvor jeg klør meg litt i hodet nå på formuleringer... Dette kan også diskuteres åpent med de andre partiene i morgen?

Landbruk:

Ønsker en mer offensiv tilnærming på utvikling av landbruk.

Endre punkt (går ut):

Vi skal ta vare på biologisk mangfald og ha eit sterkt jordvern, og aktivt forvalte verdifulle område (mot fysiske inngrep og utbygging).

Nytt vegval:

- Vi skal ha ei sterk landbruksforvaltning. Kommunen skal yte god hjelp og støtte til å ta vare på og videreutvikle eit robust, lokalt landbruk som er i stand til å produsere viktige matvarer med god kvalitet.

- Vi skal leggje til rette for god produksjon og aktiv drift av eksisterande landbruksareal.

- Vi skal gjere det enklare å byggje hus nr 2 og hus nr 3 på garden, så lenge desse er meint å vera ein ressurs for garden

- Vi vil gjere det enklare å fornye gamle gardshus til meir moderne boliger for å sikre driften av eldre gardar

Kapittel 5 under punkt 3 - (går ut)

Vi vil at kulturlivet skal vere ei kjelde for livskvalitet og aktivitet – for alle. Det frivillige og profesjonelle kulturlivet er eit fundament for det gode liv, limet i aktive lokalsamfunn. Vi vil sikre at innbyggjarane våre kan utfalde seg og møtast på arenaer for kultur, livssyn, idrett og friluftsliv i heile kommunen. Vi ønskjer å stimulere til at særleg barn og unge kan skape, oppleve, delta og få utvikle (evnene og talenta sine) seg.

Veg og samferdsel:

Styringsgruppa merkar seg dei høyringsinnspela som har kommentert veg og kommunikasjonsårer.

Dette er eit viktig fokus sjølv om kommunen er vertskap for mange fylkesvegar. Viktigheita av gode transportårer internt i Alver, og mot omegnskommunene våre, bør presiserast og løftast tydelegare i planen.

Tenester til innbyggjarane og saksbehandling:

Styringsgruppa ønsker at det blir løfta eit fokus på korleis innbyggjarane blir møtt og får behandla sakene sine i kommunen. Sjølv om samfunnsplanen i fleire kapittel omtaler viktigheita av å levera tenester tilpassa behov, og kvalitet i dette arbeidet, ønsker vi òg å synleggjera gjennom samfunnsplanen ein klar ambisjon om korleis Alver handterer dialog og søknader.

Det handlar om å sikra at innbyggjarar får svar innan rimeleg tid, at vi overheld tidsfristar, at søknadasskjemaer og system er enkel og tilgjengeleg for alle, at saksbehandlarar òg kan fungere som

ein rettleier og gir beskjed tidleg om feil og manglar blir oppdaga med mål om å retta for best mogleg og mest mogleg effektiv saksbehandling.

Dette gjer seg òg gjeldande i plan og byggesak, som er avgjerande for å få til mykje av den utviklinga som er omtalt i planen, både for å realisera innbyggjaranes og næringslivets behov og ønsker. Det er difor viktig at Alver kommune har ein god plan- og byggesaksavdeling med eit godt omdømme som jobbar effektivt, smidig og ser løysingar snarare enn utfordringar, og at dette løftes i samfunnsplanen. Moment i dette er å innarbeide at vi skal vera ein JA-kommune som tilrettelegg for utvikling, at vi alltid leverer svar på søknader minimum innan saksbehandlingsfristen og at plan- og byggesak skal etterstrebe høg tilfredsheit av brukarar.

Byggjeklart næringsareal:

Samfunnsplanen peikar i dag på behovet for viktigeita av byggeklart næringsareal på Mongstad. Det er viktig at vi tilrettelegg for å ha byggeklart næringsareal òg andre stader, då all utvikling ikkje kan eller vil komma på Mongstad.

Rekruttering:

Si noe om Alver sin rolle her, hull i cv-en, praktisk erfaring skal vektlegges etc? Eller ansees ivaretatt?

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i politisk styringsgruppe 31. mars 2022.

Bakgrunn

Kommuneplanen sin samfunnsdel har lagt på høyring og offentlig ettersyn i perioden 17. november 2021 til 15. februar 2022. Til saman har det kome 61 innspel i høyringsperioden. 18 innspel frå offentlege mynde, 22 innspel frå lag og organisasjonar og 21 innspel frå privatpersonar.

Saksopplysninger:

Prosess og medverknad i høyringsfasen

Høyringsperioden med medverknadsopplegg har vore annonsert på heimesida til kommunen, kommunen sin facebook-side og i to lokalaviser. Høyringsutkastet har lagt tilgjengeleg på heimesida og på innbyggjarservice.

Styringsgruppa ønskja å ha ein aktiv høyringsperiode. Frå november til februar gjennomførte ordførar og varaordførar ein "turne" ti stader i kommunen. Her prata dei med innbyggjarar om samfunnsdelen. Det blei arrangert fem høyringsmøte for innbyggjarar i Knarvik, Frekhaug, Manger, Ostereidet og Lindås. I desse møta hadde ordførar, varaordførar og prosjektleiar ein presentasjon av høyringsutkastet, svarte på spørsmål og deltok i diskusjonar. Gruppeleiarar frå ulike parti deltok og. I tillegg blei det arrangert eit fellesmøte mellom ungdomsrådet og kommunestyret med høyringsutkastet til samfunnsdelen som tema.

Høyringsutkastet har også blitt presentert for leiargruppene i kommunen og for politiske råd og utval. Samfunnsdelen har i tillegg vore til handsaming i råd og utval.

Samandrag av høyringsinnspela

Tilbakemeldingane har generelt vore gode, der fleire legg vekt på at høyringsutkastet er kortfatta og oversiktleg, at planen i stor grad svarar på dei utfordringane vi har. I tillegg får Alver ros for å ha gjennomført eit innovativt og breitt medverknadsopplegg. Samstundes har fleire etterlyst ei tydelegare skildring av ulike tema. Dette gjeld særleg kommunen sin haldning til, og prioritering av berekraftig samfunnsutvikling og klimaomstilling, senterstruktur og ønsket om å ta heile kommunen i bruk. Fleire innbyggjarar har kome med innspel mellom anna knytt til spreidd bustadutvikling, senterstruktur, bygdeutvikling, frivilligheit, akvakultur og kvalitetar i nærmiljøa.

Overordna drøfting av innspel

Det blei heldt eit styringsgruppemøte 11. mars kor administrasjonen la fram ein tematisk gjennomgang av innspel frå høyringsperioden. Tema som blei tatt opp her:

- Klima og miljø
 - Senterstruktur
 - Sosial berekraft og livssyn
 - Innspel frå innbyggjarar
-
- Prinsipp for arealbruk

Vurdering – framlegg til endringar

Kommunedirektøren sine framlegg til endringar er basert på gjennomgang av innkomne merknader til høyringsutkastet, diskusjon med styringsgruppa 11. mars og avklaringar i administrativ styringsgruppe. Kommunedirektøren legg fram endringar på følgjande tema:

- Berekraftig samfunnsutvikling, klima og miljø
- Senterstruktur og busetjingsmønster
- Livssyn
- Mangfald
- Landbruk
- Samfunnstryggleik og beredskap
- Oppfølging av samfunnsdelen

I styringsgruppemøte 31. mars må styringsgruppa vurdere framlegg til endringar under kvart tema.

Berekraftig samfunnsutvikling, klima og miljø

Det blir peika på i fleire innspel at det er positivt at kommunen tar utgangspunkt i berekraftsmåla, og at klima- og miljømåla er innarbeida i planen under hovudmåla.

Det er sakna ei omtale i planen knytt til korleis kommunen skal jobbe med klima og miljø, og kva rolle kommunen skal ta i arbeidet med klimaomstilling av samfunnet. Kommunen blir mellom anna råda til å vere meir ambisiøs med klimasatsingar gjennom konkrete utsleppsmål. Alver blir og oppmoda til å sette krav til eiga verksemd, lokalt næringsliv og innbyggjarar om å bidra til å utvikle lågutsleppsamfunnet.

Vidare går fleire innspel på at omsynet til biosfæren, med vekt på klima og naturmangfald, bør vera fundamentet for samfunnsdelen og gjennomsyre strategiar og mål.

Kommunedirektøren sin vurdering

Dei tre berekraftsdimensjonane miljømessig, sosial og økonomisk berekraft heng saman og påverkar kvarandre. Alle tre dimensjonane ligg i hovudmåla i samfunnsdelen. Kommunedirektøren meiner at framlegget til vedtak om endring av hovudmål 1 og eit tydeleg fokus på at vi vil utvikle oss som eit biosfæreområde i visjonsteksten i kapittel 5, styrker fokuset på ein berekraftig samfunnsutvikling i Alver. Vidare støtter satsinga på ein definert senterstruktur opp om målsettinga om reduserte klimagassutslepp og eit inkluderande samfunn med samlokaliserte tenester og møteplassar.

Kommunedirektøren vil vurdere eventuelle nye vegval knytt til eiga verksemd fram mot når plandokumentet skal til politisk handsaming i mai.

Framlegg til vedtak

Kapittel 5 – tillegg til ny tekst i visjonen:

Formulering i høyringsutkastet	Framlegg til endring
--------------------------------	----------------------

Vi vil at det skal vere attraktivt å leve, bu, arbeide og skape verdiar i Alver kommune – og ha vekst i folketal, arbeidsplassar og bedrifter. Vi vil vere eit nasjonalt tyngdepunkt for vekst og utvikling innan grøn industri. Vi vil utvikle heile kommunen.	Vi vil at det skal vere attraktivt å leve, bu, arbeide og skape verdiar i Alver kommune – og ha vekst i folketal, arbeidsplassar og bedrifter. Vi vil utvikle oss som eit biosfæreområde , vere eit nasjonalt tyngdepunkt for vekst og utvikling innan grøn industri. Vi vil utvikle heile kommunen.
---	---

Kapittel 5.2 – tillegg til hovudmål 1

Formulering i høyringsutkastet	Framlegg til endring
Alver har attraktive senter og aktive lokalsamfunn.	Alver er eit berekraftig samfunn , med attraktive senter og levande bygder*.

* Grunngeving for endring frå «aktive lokalsamfunn» til «levande bygder» er presentert i kap. Senterstruktur og busetjingsmønster.

Senterstruktur og busetjingsmønster

I høyringsframlegget til samfunnsdelen var det lagt inn ein tredelt senterstruktur for Alver, med dei tre nivåa; region-/ og kommunesenter, lokalsenter og nærsenter. I tillegg til dei 7 sentera som ligg i intensjonsavtalen var det eit framlegg om 3 nye nærsenter; Seim, Alversund og Myking.

Det er kome ulike innspel på 5 nye nærsenter; Hundvin, Kløvheim, Sletta, Leknes og Austmarka. Hundvin og Kløvheim er nye forslag som ikkje har vore vurdert tidlegare, medan Sletta, Leknes og Austmarka er vurdert, men vart ikkje tilrådd som nærsenter i *silingsrapporten*.

I merknadane frå bygdelaga på Myking og Kløvheim kjem det fram ein tydeleg konflikt mellom to nesten jamstore bygder med kort avstand imellom, der den eine er foreslått som nærsenter og den andre ikkje.

I fleire merknadar vert det ytra bekymring for at senterstrukturen vil forsterke sentraliseringa og øydelegge for utvikling av bygdene.

Stasforvaltaren meiner talet på nærsenter er noko høgt og at storparten av bustadane må komme sentralt i kommunen, helst i regionsenteret. Fylkeskommunen støttar senterstrukturen, men ber kommunen vere varsam med å leggje ut arealmessigt store senterområde og leggje til rette for spreidd utbygging.

Fleire merknader peiker på målkonflikten som ligg i at samfunnsdelen både skal satse på sentra, bygdene og spreidd busetjing.

Kommunedirektøren sin vurdering

Intensjonen med å fastsette ein ny senterstruktur for Alver er å sikre at flest mogleg av innbyggjarane i kommunen har nærleik til eit senter og tilbod ein treng i kvardagen.

I tillegg til sentera er det mange bygder i Alver. Ein del av bygdene har nokre av dei same funksjonane som nærsentera og utfyller med dette senterstrukturen. Kommunedirektøren tilrår at utviklinga av bygdene i større grad må løftast fram i samfunnsdelen. Det er ei oppfølging av punkt om målkonflikt, gjennom å tydeleggjere at spreidd busetjing skal koplast til bustadbygging som støtter opp om bygdene. Ved at ny utbygging støtter opp om bygdene, vert grunnlaget for dei eksisterande funksjonane i bygdene oppretthalde.

Geografisk fordeling av sentera er lagt stor vekt på i høyringsutkastet. Dette var ei viktig grunngeving for at Myking var foreslått som nærsenter. Hundvin, Kløvheim og Sletta, som i ulike innspel er foreslått som nye nærsenter, er alle mindre bygder, og vert ikkje tilrådd som nye nærsenter.

Leknes er ei folkerik bygd som ligg nær Knarvik. Området har fleire funksjonar som er viktige for innbyggjarane i kvardagen, men avstand mellom funksjonane gjer det krevjande å utvikle området til eit fungerande nærsenter. Leknes vert difor ikkje tilrådd som eit nærsenter.

Kommunedirektøren ønskjer å vektlegge eksisterande busetjingsmønster høgare, ved fastsetting av senterstrukturen, enn det som vart gjort i *silingsrapporten*. Austmarka ligg i den mest folkerike delen av

kommunen og har viktige funksjonar samlokalisert i eit avgrensa sentrum. I den mest sentrale delen av kommunen, med høgt folketal og vekst, er det rom for at både Austmarka og Alversund er nærsenter utan at dette nødvendigvis medfører uheldig konkurranse mellom stadane. Dette ligg til grunn for tilrådinga om å ta inn Austmarka som eit nærsenter.


Med bakgrunn i ønskje om å i større grad vektlegge eksisterande busetjingsmønster, framfor geografisk fordeling av sentra, vert det tilrådd at Myking ikkje blir lagt inn som eit nærsenter. For den delen av kommunen, vurderer kommunedirektøren det som meir hensiktsmessig å definere Myking og Kløvheim, som to bygder. Det vert vurdert som uheldig å løfte fram anten Myking eller Kløvheim som nærsenter, når skilnaden mellom dei to er liten.

Framlegg til vedtak

Med bakgrunn i merknadane har kommunedirektøren gjort ein ny vurdering av senterstrukturen og tilrår følgjande endring:

1. Austmarka, Seim og Alversund vert lagt inn som nye nærsenter
2. Styrke fokus på bygdene. Bygdene skal løftast fram og vere meir tydeleg omtalt i samfunnsdelen
3. Tabell med framlegg til endring av målformulering og vegvalg under hovudmål 1. Endringane i målformulering vert presisert i kap 6. med eit nytt delkapittel; Prinsipp for bygdeutvikling.

Formulering i høyringsutkastet	Framlegg til endring
Hovudmål 1: Alver har attraktive senter og aktive lokalsamfunn.	Hovudmål 1: Alver er eit berekraftig samfunn, med attraktive senter og levande bygder .
Vi skal ha spreidd busetting, og leggje til rette for bustadbygging i alle bygder i heile kommunen.	Vi skal leggje til rette for bustadbygging som støttar opp om bygdene i heile kommunen.
Alver har aktive lokalsamfunn med arbeidsplassar, lags- og kulturliv og busetting i heile kommunen.	Alver har levande bygder med arbeidsplassar, lags- og kulturliv og busetting i heile kommunen.



Figur 1 Framlegg til ny senterstruktur etter høyring

Livssyn

Det går fram av fleire innspel at tema som livssyn, tro og kyrkja sin rolle i samfunnet er sakna i høyringsutkastet.

Kommunedirektøren sin vurdering

Kulturomgrepet i samfunnsdelen er vidt definert, og inkluderer mellom anna kulturetta aktivitetar, tilbod og aktivitet i kyrkja og andre trus- og livssynssamfunn. Profesjonell drift og tilhøve for kyrkjeleg aktivitet kan omtalast i kommunedelplan for kultur, idrett og friluftsliv i samband med kulturomgrepet, og tilsvarande for tilhøve knytt til t.d. seremonirom og lokale for aktivitet knytt til livssyn og tru.

Framlegg til vedtak

I kapittel 5 under punkt 3, Eit rikt kulturliv – eit fundament for det gode liv, blir det lagt inn følgjande tekst:

Formulering i høyringsutkastet	Framlegg til endring
Vi vil at kulturlivet skal vere ei kjelde for livskvalitet og aktivitet – for alle. Det frivillige og profesjonelle kulturlivet er eit fundament for det gode liv, limet i aktive lokalsamfunn. Vi vil sikre at innbyggjarane våre kan utfalde seg og møtast på arenaer for kultur, idrett og friluftsliv i heile kommunen. Vi ønskjer å stimulere til at særleg barn og unge kan skape, oppleve, delta og få utvikle evnene og talenta sine.	Vi vil at kulturlivet skal vere ei kjelde for livskvalitet og aktivitet – for alle. Det frivillige og profesjonelle kulturlivet er eit fundament for det gode liv, limet i aktive lokalsamfunn. Vi vil sikre at innbyggjarane våre kan utfalde seg og møtast på arenaer for kultur, livssyn , idrett og friluftsliv i heile kommunen. Vi ønskjer å stimulere til at særleg barn og unge kan skape, oppleve, delta og få utvikle evnene og talenta sine.

Under hovudmål 1 blir det lagt inn eit nytt vegval (strategi):

· Vi skal vere eit livsynsøpe samfunn.

Mangfald

Det har kome innspel knytt til sosial berekraft, som fokus på folkehelse, inkludering og mangfald i mellom anna utviklinga av senterområda og nye bustadområde.

Kommunedirektøren sin vurdering

Omgrep som folkehelse, inkludering og mangfald er vidt definert i samfunnsdelen, og inkluderer mellom anna alder, kulturell bakgrunn, livssyn og helsetilstand. Kommunedirektøren rår difor å endre tekst i kapittel 5 under punkt 4 for å tydeleggjere dette perspektivet. Kommunedirektøren tar ut omgrepet “friske” frå overskrifta. Dette blir overflødig i denne samanhengen, fordi folk ikkje treng å vere frisk for å kjenne seg trygg og livsglad.

Framlegg til vedtak

I kapittel 5 under punkt 4, endre overskrifta:

Formulering i høyringsutkastet	Framlegg til endring
Trygge, friske og livsglade innbyggjarar	Trygge og livsglade innbyggjarar

I kapittel 5 under punkt 4, «Trygge og livsglade innbyggjarar», blir det lagt inn følgjande tekst:

Formulering i høyringsutkastet	Framlegg til endring
Vi vil at innbyggjarane våre skal ha det godt. Vi vil sikre at innbyggjarar i kommunen kjenner at dei høyrer til her, kan delta og bidra. Vi vil leggje til rette for at kvar og ein kan skape meningsfylte liv og få den hjelpa og støtta dei treng – frå starten til slutten av livet. Vi vil ha gode oppvekstmiljø med trygge lokalsamfunn, barnehagar og skular. Vi vil sikre at eldre kan bu heime og klare seg sjølv lengst mogleg.	Vi vil at innbyggjarane våre, med eit mangfald i alder, kulturell bakgrunn, livssyn, helsetilstand, funksjonsevne og andre ulikskapar utfyller kvarandre og gjev kvarandre rikare liv ved å delta og bidra ut frå sine føresetnader. Vi vil leggje til rette for at kvar og ein kan skape meningsfylte liv og få den hjelpa dei treng – frå starten til slutten av livet. Vi vil ha gode oppvekstmiljø med trygge lokalsamfunn, barnehagar og skular. Vi vil sikre at eldre kan bu heime og klare seg sjølv lengst mogleg.

Landbruk

Det har kome fleire innspel knytt til landbruksareal og landbruksdrift i Alver. Eit tema som er sakna omtalt i planframlegget er konkrete mål for omdisponering av landbruksareal. Vidare blir Alver råda til å løfte fram at kommunen er ein del av eit biosfæreområde, og at det blir vist til dette som eit fortrinn for kommunen.

Kommunedirektøren sin vurdering

Alver kommune er ein av dei største landbrukskommunane i Vestland fylke målt i areal, og ein føregangskommune i fylket når det gjeld jordvern. Dette vil vi halde fram med. Samfunnsdelen legg opp til at vi skal ta vare på og vidareutvikle landbruksdrifta i kommunen. Eit aktivt landbruk skapar kommunen sin utsjånad i stor grad, og held i hevd gammal kultur som er med å skape identitet og stadkjensle. Kommunedirektøren vil difor tydeleggjere kommunen sitt fokus på eit sterkt jordvern og at vi skal jobbe med forbetring av jordbruksareal.

Framlegg til vedtak

Tabell med framlegg til endringar i vegval under hovudmål 1, delmål «Alver sikrar naturverdiar og naturmangfald, og tek vare på verdifulle kulturlandskap, kulturmiljø og landbruks- og friluftsområde:

Formulering i høyringsutkastet	Framlegg til endring
Vi skal ta vare på biologisk mangfald, og aktivt forvalte verdifulle område mot fysiske inngrep og utbygging	Vi skal ta vare på biologisk mangfald og ha eit sterkt jordvern , og aktivt forvalte verdifulle område mot fysiske inngrep og utbygging.

Tillegg til vegval under hovudmål 2, delmål «Landbruksnæringa i Alver er aktiv og utviklingsorientert»:

- Vi vil nytta massar frå utbygging som ressurs for forbetring av jordbruksareal

Samfunnstryggleik og beredskap

Statsforvaltaren i Vestland presiserer at samfunnstryggleik og beredskap må tydeleggjerast i samfunnsdelen, særleg på overordna nivå.

Kommunedirektøren si vurdering

Det er sivilbeskyttelseslova som regulerer arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap. I §§ 14 og 15 (kommunal beredskapsplikt) er kommunane sitt ansvar presisert. Kommunedirektøren rår til å legge inn nytt delmål og strategiar under hovudmål 1 som byggjer på grunnlaget i sivilbeskyttelseslova. Omtalen av samfunnstryggleik og beredskap i samfunnsdelen skal vere styrande for underliggjande planar.

Framlegg til vedtak

Under hovudmål 1 blir det lagt inn følgjande delmål og strategiar:

- Nytt delmål:
- Alver beskyttar liv, helse, miljø, materielle verdiar og kritisk infrastruktur ved krise- og beredskapssituasjonar.
- Nye vegval (strategiar):
- Vi skal kartlegge uønska hendingar og vurdere korleis desse kan påverke kommunen.
- Vi skal utarbeide beredskapsplanar med førebudde tiltak som skal handtere uønska hendingar.

Oppfølging av samfunnsdelen

Det er kome fleire innspel på at kommunen må tydeleggjere korleis samfunnsdelen skal følgjast opp.

Kommunedirektøren si vurdering

Plan- og bygningslova og kommunelova viser korleis kommuneplanen skal følgjast opp. § 11-1 i plan- og bygningslova viser til at kommuneplanen skal ha ein handlingsdel som viser korleis planen skal følgjast opp dei fire påfølgjande åra eller meir, og skal reviderast årleg. Økonomiplanen (etter kommunelova § 14-2 bokstav a) kan inngå eller utgjere handlingsdelen til kommuneplanen.

I kommunelova (§14-4) står det at økonomiplanen skal vise korleis langsiktige utfordringar, mål og strategiar i kommunale planar skal følgjast opp. Økonomiplanen og årsbudsjettet skal vise kommunestyret sine prioriteringar, løyvingar og dei måla og premissa økonomiplanen og årsbudsjettet byggjer på. Økonomiplanen kan inngå i eller utgjere kommuneplanen sin handlingsdel.

Kommunedirektøren rår til at økonomiplanen skal utgjere handlingsdelen for kommuneplanen i Alver kommune, jfr pbl §11-1 og kommunelova § 14-4. Det vil bli laga ein handlings- og økonomiplan som skal følgje opp kommuneplanen sin samfunnsdel og andre prioriterte planar. Handlings- og økonomiplanen blir rullert årleg og skal prioritere satsingar og tiltak som ligg i overordna planar, i tillegg til å vise korleis dei blir finansiert dei fire påfølgjande åra. Handlings- og økonomiplan med årsbudsjett blir vedtatt av kommunestyret i desember kvart år. Systemet med handlings- og økonomiplan vil bli utarbeida første gong for perioden 2024 – 2027.

Beskriving av korleis samfunnsdelen skal følgjast opp, vil også bli lagt inn i det endelege plandokumentet som skal til handsaming i mai.

Framlegg til vedtak

Tillegg til samfunnsdelen:

- Oppfølging av kommuneplanen skal skje gjennom ein handlingsdel som blir rullert årleg, og

økonomiplanen skal utgjere handlingsdelen til kommuneplanen, jfr pbl §11-1 og kommunelova § 14-4.

Vedlegg i saken:

24.03.2022	Alver kommune - fysio- og ergoterapitenesta	1713848
24.03.2022	Alver kommune KPS Uttalelse fra FNF Hordaland_210222	1713849
24.03.2022	Alver kyrkjelege fellesråd	1713850
24.03.2022	Alver senterparti	1713851
24.03.2022	Anne Mette Prestegård AS	1713852
24.03.2022	Audun Bratshaug	1713853
24.03.2022	Bergen Havn	1713854
24.03.2022	Bergen kommune	1713855
24.03.2022	Bjørn Steffen Thorsen - kart	1713856
24.03.2022	Bjørn Steffen Thorsen	1713857
24.03.2022	Borghild Røraas	1713858
24.03.2022	Direktorat for mineralforvaltning	1713859
24.03.2022	Direktorat for samfunnsikkerhet og beredskap	1713860
24.03.2022	Fellesuttale - MDG, Raudt og SV	1713861
24.03.2022	Fiskarlaget vest	1713862
24.03.2022	Fiskeridirektoratet	1713863
24.03.2022	Forsvarsbygg	1713864
24.03.2022	Hans Olav Evensen	1713865
24.03.2022	Hundvin Bygdelag	1713866
24.03.2022	Hundvin kai	1713867
24.03.2022	Husebøkrinsen Bygdelag	1713868
24.03.2022	Invest in Bergen	1713869
24.03.2022	Irene Hodneland	1713870
24.03.2022	Jens Husebø	1713871
24.03.2022	Jogeir Romarheim	1713872
24.03.2022	Johan Alv Andersen	1713873
24.03.2022	Kløvheim Bygdelag	1713874
24.03.2022	Kystverket	1713875
24.03.2022	Lill-Merethe Kittang	1713876
24.03.2022	Lindås bygdelag	1713877
24.03.2022	Lindås sokneråd	1713878
24.03.2022	Lindåsslusene	1713879
24.03.2022	Lindåstunets venner	1713880
24.03.2022	Lygra grunneigarlag	1713881
24.03.2022	Marit Jøssang	1713882
24.03.2022	Merknadsskjema - Vurdering av enkeltinnspel	1713883
24.03.2022	Mette Kyed Thorson	1713884
24.03.2022	Moldekleiv velforening	1713885
24.03.2022	Morten Andreas Bratshaug	1713886
24.03.2022	Myking bygdelag	1713887
24.03.2022	Myking skule FAU	1713888
24.03.2022	Mållaga	1713889
24.03.2022	Naturvernforbundet Nordhordland	1713890
24.03.2022	NGIR	1713891
24.03.2022	Nordhordland kunstlag	1713892
24.03.2022	Nordhordland næringslag	1713893
24.03.2022	NVE - Noregs vassdrags- og energidirektorat	1713894
24.03.2022	Olaug Bratshaug	1713895
24.03.2022	Per Steinar Nilsen	1713896
24.03.2022	Radøy Senterparti	1713897
24.03.2022	Radøy sokneråd	1713898

24.03.2022	Rita Kvinge	1713899
24.03.2022	Roald Bjørndal	1713900
24.03.2022	Sigve Eldøy	1713901
24.03.2022	Statens vegvesen	1713902
24.03.2022	Statsforvaltaren i Vestland	1713903
24.03.2022	Storneset hyttelag	1713904
24.03.2022	Susanne Haukenes Haugen	1713905
24.03.2022	Thomas Sandvik	1713906
24.03.2022	Tillegg til FNF sin uttale	1713907
24.03.2022	Torgeir Andvik	1713908
24.03.2022	Utdanningsforbundet Alver	1713909
24.03.2022	Uttale frå råd og utval	1713910
24.03.2022	Vestland fylkeskommune	1713911
24.03.2022	FO sak 96-21 vedtak	1713912
24.03.2022	FO sak 96-21	1713913
24.03.2022	folkehelseoversikt-for-alver-kommune	1713914
24.03.2022	hoyringsutkast.-kommuneplanen-sin-samfunnsdel-2022-2034	1713915
24.03.2022	Lenke til - Oppsummering av analysefase	1713916
24.03.2022	planprogram-for-kommuneplanen-sin-samfunnsdel-alver-kommune	1713917
24.03.2022	rapport-1_melding-fra-folket_innspel-til-samfunnsdelen_11-03-21	1713918
24.03.2022	rapport-2_narsenterrapport_innspel-til-samfunnsdelen_11-03-21	1713919
24.03.2022	rapport-3_samtale-med-rada_innspel-til-samfunnsdelen_11-03-21	1713920
24.03.2022	rapport-4_mitt-alver_innspel-til-samfunnsdelen_11-03-21	1713921
24.03.2022	rapport-5_digital-samfunnsdialog_innspel-til-samfunnsdelen_11-03-21	1713922
24.03.2022	rapport-6_melding-fra-administrasjonen_innspel-til-samfunnsdelen_11-03-21	1713923
24.03.2022	rapport-7_tenketaank-med-naringslivet_21	1713924
24.03.2022	senterstruktur-i-alver_siling-og-tilrading_vedlegg-til-politisk-sak	1713925